

30.09.2022

Møre og Romsdal fylkeskommune

post@mrfylke.no

INNSPEL TIL FYLKESSTRATEGI FOR LANDBRUK I MØRE OG ROMSDAL 2023 – 2026

Vi viser til framlagt høringsutkast og vil gje følgjande kommentarar og innspel:

- 1)Vi ser det som positivt at det no kjem på plass ein eigen fylkesstrategi for landbruk og at denne inngår som ein del av fylkesplanen.
- 2)Det må forplikta at fylkesstrategien for landbruk blir gjort gjeldande for berekraftfylket Møre og Romsdal. Fylkesstrategien må visa at den gjeld for eit berekraftfylke.
- 3)Det er positivt at det er lagt ned såpass mykje arbeid for å dokumentera kunnskapsgrunnlaget. Det er viktig at resultatata no blir brukt vidare på ein god måte.
- 4)Til Resultatmål 2:
 - a)Vi støttar at maksimalt 100 da dyrka jord kan omdisponerast til andre formål kvart år.
 - b)Arealnøytralitet i arealplanar er ikkje tilstrekkeleg slik dette blir definert i framlegg til fylkesstrategi. Det må leggjast større vekt på å ta i bruk eksisterande bebygd areal til nye formål i staden for å ta i bruk dyrka og dyrkbar jord. Dessutan er det godt dokumentert at det ofte er den beste jorda som blir nedbygt og at denne gjerne blir erstatta med dårlegare jord, samt at at jordflytting ofte er ei dårleg løysing. Her må berekraftfylket vera i forkant og meir offensiv og konkret i forhold til korleis dyrka og dyrkbar jord skal brukast og takast vare på for framtida.
 - c)For å sikra dei overordna måla for berekraftfylket, inkludert Resultatmål 2, saknar vi eit konkret mål for nydyrking, samt tiltak for å nå dette.
 - d)Ut frå at leigejordsandelen og tidspresset i landbruket er aukande, saknar vi mål og tiltak som skal sikra betre arrondering og jordkvalitet. Dette bør også vera klart prioritert i berekraftfylket Møre og Romsdal.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli
Leiar

Atle Frantzen
Sekr